

Samarbeid om Combo tidleg i mai

18.03.2013

Festidalen

Kvinnherad Turlag
Bergen Turlag

Combo

3.-5. mai 2013

Skicamp med overnatting på Donhaug Gjestegard
Tur, mat og rock `n roll

Alle gode krefter slår seg saman og serverar Combo av nytting og livskvalitet:
Kvinnherad fjellsportgruppe serverar topturar i Rosendal og Uskedal, og foredrag fredag
Elins Matgleder serverar middag fredag og laurdag
Festidalen serverar after-ski laurdag kveld

Overnatting på Donhaug Gjestegard i Uskedalen (sal av ol, vin, brus)

Pris: kr 1500,- (medl DNT) / kr 1800,- (likkje medl DNT) inkl overnatting Donhaug,
foredrag fredag, middag fredag og laurdag, tur laurdag og søndag, after-ski laurdag

Pris utan overnatting: kr 900,- (medl DNT) / kr 1100,- (likkje medl DNT) Teltplass kan ordnast

Påmelding og info: Bjørn Olav Tveit, tlf 47 23 61 87

SCHAT
HARDING

Kvinnheradelektro

DNB

Alle gode krefter i bygda går saman om Combo tidleg i mai
 Det melder han som er primus motor - Bjørn Olav Tveit - og
 med Combo meinar kan skicampen som skal gå føre seg
 ute i fjella og på Dønhaug helga 3.-5. mai



Bjørn Olav Tveit er turleiar i mai. Her er han undervegs til topps på Nåsø med ei gruppe

Det har allereie meldt seg ein del
 deltakarar, mellom anna frå Stavanger, Sauda og Bergen og
 talet er så stort at det ikkje er tvil om at arrangementet vert av.
 Og kreftene er Dønhaug, Elin Matgleder, Festidalen og
 Fjellsportgruppa i Turlaget. Bjørn Olav er klar for fleire
 påmeldingar til 472 36 187 og prisen er 1 800 med 300
 kroner i rabatt for medlemmer av DNT.

Arrangørane lokkar med ein herleg combo av livskvalitet, gastronomi,
 musikk og bratte gleder. Overnattinga skjer på Dønhaug og både
 fredag og laurdag serverar Elin middag i Kjeldaren.

Laurdag vert det
 after-ski-konsert same staden med eit toppband som førebels ikkje er
 heilt klart men som Festidalen står inne for. Det seier ikkje så lite.
 Etter middagen fredag held Erlend Hellingsrud fotoføredrag under
 tittelen Høgt og lågt i Kvinnheradsfjella.

Bjørn Olav er tulleiar både laurdag og søndag. Turen går laurdag til Omnatind i Rosendalsalpane, ein klassikar blant røynde skientusiastar. Terrenget tillet tilpassing av ulike dugleiksnivå.

Ulvanåso er majesteteten blant dei spisse toppane i fjella våre og også her kan nedfarten varierast til alle nivå. Turen dit går søndag og turleiaren kallar det utforsking.

Av Ola Matti Mathisen